



Børnes – blir det snart fart på utbyggjinga der? (Foto: Erlend Moen)

**Kommunen er no i gang med å laga ei oversikt over industriareala i heile kommunen, opplyste Tormod Fossheim og Arne Handegard under eit møte på Husnes i regi av kommunen og Kvinnherad Næringssservice. Børnes i Uskedalen er blant dei areala som blir kartlagde.**

- Vi prøver å laga ei samla oversikt over alle område som er sett av til industriareal i kommuneplanane. Så vil vi gå gjennom områda og sjå kva som må til for å gjera dei mest mogeleg tilgjengelege for industrien, om dei er klare til bruk, eventuelt kor mykje tilretteleggjing det trengst, om det er behov for ytterlegare planering og planleggjing og så vidare, seier verksemdsleiar Tormod Fossheim til innsida.no.

Førebels er dei svært tidleg i prosessen, men eit drøftingsnotat vil bli fremja for politikarane i formannskapet ikkje så langt utpå nyåret.